

Kva kan du gjere om matrikkelen er feil?

- **Bestille oppmålingsforretning**

Ei oppmålingsforretning er ei avklåring av eigedoms-grensene, og grensene blir koordinatfesta med pre-sisjon etter dagens standard. Kommunen som lokal matrikkelstyresmakt har ansvar for gjennomføring av oppmålingsforretning. Ta kontakt med kommunen for å få meir informasjon.

- **Krevje retting**

Om du har dokumentasjon på at opplysningar om bygningar, bustader, adresser eller eigedommar er feil, kan du kontakte kommunen og krevje at dei blir retta etter [matrikkellova § 26](#). Gjeld rettinga eigedomsgrenser, må naboane vere samde med deg. Kommunen, naboar og andre kan også ha dokumen-tasjon. Det kan vere skylddelingar eller anna.

- **Avtale om eksisterande grense**

Eigarane kan inngå ein avtale om eksisterande grense og be om å få registrert grensa i matrikkelen. Sjå [matrikkelforskrifta § 44](#).

- **Krevje sak for domstolane**

Om noko er uklart, om det er usemje eller noko er usikkert, kan ein vurdere å få avklara grensene ved domstolane, anten av tingretten eller jordskifteretten. Sjå www.domstol.no.



Kartverket

Treng du meir informasjon, kan du kontakte:

Kommunen

Sjå nettsidene til kommunen der eigdommen er.

Kartverket

Telefon: 32 11 80 00
www.kartverket.no

Lover og føresegner

www.lovdata.no

MATRIKKELEN


Dine eigedomsgrenser,
bygningar, bustader og adresser



Kartverket

Kva er matrikkelen?

Matrikkelen er det offisielle eigedomsregisteret i Noreg. Det har informasjon om eigedomsgrenser, areal, bygningar, bustader og adresser. Matrikkelen inneheld opplysningar om dei fysiske eigenskapane til eigedomen. Om du vil sjå kva som er registrert på eigedomen din, kan du gå inn på www.norgeskart.no for å få eit utdrag, eller bestille matrikelbrev frå kommunen for å få eit fullstendig oversyn.



«For å sjå kva som er registrert på eigedommen din, kan du gå inn på www.norgeskart.no»

Saman med einingsregisteret (Brønnøysundregistra) og folkeregisteret er matrikkelen eit av dei tre basisregistra i Noreg. Mange aktørar hentar ut informasjon frå matrikkelen, og det er difor viktig at den registrerte informasjonen er troverdig.

Alle eigedomar er identifiserte med eit unikt nummer, kalla matrikelnummer. Matrikelnummeret består av kommunenummer, gardsnummer, bruksnummer og eventuelt festenummer og/eller seksjonsnummer. For å finne eigedomen din på norgeskart.no kan du søkje på matrikelnummeret eller adressa.

Brukarar av matrikkelen er mellom andre:

- Kommunane
- Naudetatane
- Tinglysinga
- Posten
- Noregs Bank
- NAV
- Statistisk sentralbyrå
- Landbruksstyresmaktene
- Forsikringsselskap
- Statens vegvesen
- Domstolane
- Skatteetaten
- Brønnøysundregistra
- Navigasjonstenester
- Anleggsmaskinar



Kva kan opplysningane bli brukte til?

- Naudetatane skal finne fram når dei rykker ut
- Adresser for post og bodtenester
- Vurdere godtgjerdsla ved ekspropriasjon
- Å føre bevis ved domstolane
- Tilskottsutrekning i landbruket
- Eigdomsutvikling
- Eigdomsskatt
- Søknad om frådelling, byggesøknad og regulering etter plan- og bygningslova.

Kvar går grensa?

Grensene i matrikkelen er kartfesta med koordinatar. Grenser etter 1980 er hovudsakleg målte med moderne måleteknologi, som sikrar god målepresisjon. Eldre grenser har derimot varierende presisjon og kan avvike med fleire meter frå det rette målet. Grenser i tettbygde strøk er ofte meir nøyaktige enn grenser i grigrendte strøk.



Oppmålte eigedomsgrenser skal i hovudsak vere merkte med offentleg godkjende grensemerke ute i marka. Grensemerke frå 2015 og seinare skal sjå ut som merket til høgre. Grensemerke i jordskiftesak og merke frå før 2015 har anna preg.

Fargekodane i matrikkelen fortel kor nøyaktige dei registrerte grensene er. Grøne grenser er mest nøyaktige, og minst nøyaktige er raude grenser, som berre skisserer ei grense. Mellom grønt og raudt er det middels og mindre nøyaktige grenser. Om eigedomen er markert med ei stipla hjelpelinje, finst det ikkje registrerte grenser i kartet. Det må presiserast at fargekodane gjeld i matrikkelen – andre kartløysingar kan ha andre fargekodar.

Tegnforklaring grenselinjer:

- Nøyaktig måling
- Middels nøyaktig
- Mindre nøyaktig
- Lite nøyaktig
- Skisserte, ikkje nøyaktige grenser
- Fiktiv hjelpelinje